

Såpe frå fengsel hos Lise

03.05.2014



Lises Brukhandel er som vi har vore inne på før ein mangfaldig butikk og her er eit nytt døme på det:På disken ligg til sals tre såpestykke som er røde,gule og grøne. Det er vegetabilisk såpe som har duft av jordbær, liljekonvall og ringblomst samt eple men det er ikkje hovudpoenget.

Det er derimot produsenten som er Bergen fengsel.  
Innhaldsdeklarasjonen er imponerande,  
den inneheld bortimot 20 ingrediensar og Lise prisar såpa for dei gode duftane.

Bergen fengsel produserar. mangt, også steainlys, tekstilar, papir og jernvarer. Men treprodukta imponerer nok mest. Her finn ein slikt som gyngehestar, skjermbratt, badestampar, krakkar, fuglekassar,skrin, furubord, barnevoggar og barnemøblar.

Så det skjer noko positivt også innanfor murane!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen